



Solholmen Invest AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1292 - 17/13481

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2017

Referat frå møte - gbnr 135/1 Smedholmen

Viser til møte på rådhuset tysdag 09.05.2017. Til stades i møte:
Torleif Stendal på vegne av Solholmen Invest AS. Jarle Samuelsen på vegne av Solholmen Event og Siril Sylta frå Lindås kommune.

I møtet vart det lagt fram nye planar for bruk av Solholmen. Den planlagte bruken av Solholmen er å bruka bygningane til selskapslokale og restaurant både til lukka selskap, konferanser, selskap og ved større event.

Historikk:

Det vart søkt om rammeløyve og dispensasjon for å kunne bruke eigedommen til selskapslokale i søknad mottatt 17.01.2012. Ytterlegare dokumentasjon vart sendt inn i etterkant.

Dispensasjon vart gjeve av Plan- og miljøutvalet i møte den 06.03.2013.

Planstatus:

Solholmen ligg i dag innanfor kommunedelplanen for Alvestraumen. Holmen er avsett til landbruk, natur og friluftsføremål og heile holmen en omfatta av byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8.

Bruksendring til det føremålet som er planlagt vil krevje dispensasjon frå arealføremålet og frå pbl § 1-8.



Andre forhold som vart tatt opp i møtet:



- Vatn og avløp til eigedommen – det vart opplyst i møte at det er sendt inn søknad om påkøpling til offentleg VA nett.
- Veg/parkering – Ved innsending av søknad må det leggjast ved skriftleg avtale om rett til bruk av parkeringsplassar for besøkande til Solholmen. Parkeringsplass langs veg er i dag eid av to ulike grunneigarar. I søknaden må det gå fram korleis transporten til og frå holmen skal skje. I møtet var det skissert at dette vil skje via den kommunale kaien.
- Det må sendast inn søknad om bruksendring av alle bygningar som skal brukast som leidd i den planlagte næringsverksemda. I søknaden må det gå fram om bygningsmassen skal oppgarderast til dagens tekniske krav, eller om det vert søkt dispensasjon.
- Bruksendring av bygning til den bruken som er skissert, vil krevje samtykke frå Arbeidstilsynet.
- Alle søknadspliktige tiltak som er utført må takast med i ny søknad.
- Søknad om oppføring av kai/flytebrygge vil krevje eige vedtak etter havne- og farvasslova. Søknad skal sendast til Bergen og omland havnevesen (BOH). BOH vil kun gje uttale i saker som krev dispensasjon, og dette ikkje er avklart hos kommunen.
- Søknad må sendast inn via ansvarleg føretak. Kommunen rår til at ein finn ein aktør som har erfaring med søknadsprosess for denne type saker.
- Når det gjeld etablering av slokkevassløysing på holmen, rår ein til at de går i dialog med brannførebyggjande avdeling i kommunen v/Ole Johan Ingebrigtsen, ole.johan.ingebriqtsen@lindas.kommune.no
- Forholdet til pågåande regulering for kaiområdet. I forhold til framtidig utnytting av eigedommen, rår vi til at de ser på om det er mulig å utvide planområdet slik at Solholmen også vert tatt med. Denne dialogen må de ta direkte med eigar, Rognaldsen Eigedom AS.

Innsyn i dei tidlegare dokumenta i sak 12/100, vert sendt ut i eige brev.
Naboliste vert ettersendt.

Det vert gjort merksam på at det kan ligge føre fleire forhold i samband med ein søknad som ikkje vart tatt opp i møtet.

Når de har fått på plass eit ansvarleg føretak og avgjort kva de skal søka om, kan det vere aktuelt å ha ein førehandskonferanse. Det kan de bestille på heimesida vår:

<http://www.lindas.kommune.no/foerehandskonferanse.400223.nn.html>

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarle Samuelsen
Thorleif Stendal

Mottakarar:

Solholmen Invest AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND